

Referat frå evalueringsmøte,
Konferanse plan- og byggesaker 17. oktober 2013

Evalueringsmøtet vart halde: 10. februar 2014, Meland kommune, rådhuset
Deltakarar: Anny Bastesen, Asbjørn Toft og Harald J. Stanghelle

Gruppa vart peika ut til å ta del i førebuingane til konferansen, og har førebudd ei tilbakemelding frå Nordhordland Digitalt. Gruppearbeidet på konferansen, som er samanfatta i eit godt referat ført i pennen av Rune Heradstveit i NUI, har vore eit grunnlag for evalueringa vår.

Vi meiner at det i all hovudsak var ein bra konferanse. Det å styrke samarbeidet og samhandlinga kommunane imellom, og mellom kommunane og utbyggjarar / næringsdrivande, er eit høgt prioritert mål i det regionale samarbeidet innan plan- og byggesaksbehandlinga. Det er tydeleg at Fylkesmannen i Hordaland sette konferansen høgt med sjølv å ta del, som deltakar og med ord til konferansen. Ein vel å merka seg dette.

Deltakartalet syner at det er interesse for ein slik konferanse og det var godt engasjement under gruppearbeidet. Foredragshaldarar leverte det dei var spurt om og viktige sider vart belyst.

Vi må likevel kommentere at det kom fram svært uheldige sider ved samhandling mellom partar innan plan- og byggesak, ved at ein av føredragshaldarane gjekk til åtak på handteringa av saker i Lindås kommune. Dette gjorde til at delar av konferansen hadde ei haldning som ikkje fremja samarbeid, ei heller ynskje om fleire konferansar i same lei.

Nordhordland Digitalt finn det like fullt heilt rett å halda fram med ein slik samhandlingsarena med årleg konferanse. Vi tilrår at regionrådet ved sekretariatet igjen får ei sentral rolle ved organiseringa, og vi ønskjer sjølv å ta aktivt del i tilrettelegginga. Det kan gjerne setjast ned ei brei samansett programgruppe (som ikkje er for stor), som sist.

Gruppa føreslår at det vert tydeleg til neste konferanse at det skal setjast lys på dei gode eksempla frå samhandling. Det er mange døme på dette og mykje å læra korleis ting kan gjennomførast.

Kommunikasjon bør også vera eit område som får mykje fokus.

Gruppa konkluderer med at sjølv om delar av konferansen var "skyttergravsaktig" er det viktig å ha fokus på det positive slike konferansar kan oppnå.

Manger 11/2-14

Harald J. Stanghelle
Referent